

Ei grøn framtid skal koma

Ola Dimmen

Bob Dylan: "The times they are a changing."

C Am F C Am G

Kom hit og bli med men sjå deg omkring. For staten har satt propa - ganda i

C Am F C Am

sving. Dei skryt av å verne na - tur og mil - jø men varmar opp jorda så

G F Em

livet kan dø. Dei nektar å høyre og satsar fo -

G C F G C

ssilt Men ei Grøn framtid skal ko - ma

For staten og stortinget held ikkje ord,
dei øydelegg Arktis med boring i nord.
Oljeselskapa blir mektig og rik,
når staten betalar og stortinget svik.
Staten har olje og pengar som Gud,
men ei grøn framtid skal koma.

Kom hit og bli med veteranar og barn,
no slås vi for jorda vi stansar eit ran.
Livet som lever i skogar og sjø
skal aldri bli stjelt eller solgt for å dø.
Alle har rett til eit liv og eit håp,
for ei grøn framtid skal koma!

